

TELLFLOTEN

Høgdemeter over havet: 140 m

Lengde: ca. 2,6 km (ein veg)

Stigning: 100

Tid: ca.45-60 min frå parkering ein veg.

Gradering: lett tur

Vegskildring: Køyr riksveg 7 mot Kvanndal ca.10 km, og parker ved kaia. Kryss fotgjengarfeltet og ta vegen opp ved den gamle bensinstasjonen. Følg vegen til snuplassen der skilt og oppstart turrute med Granvin turlag sin kvilebenk står. Her startar du turen langs Kvanndalselva på lett tursti merka med raude T, ar etter Utferdslaget på Voss si merka sti fram mot Rong. Følg merka sti mot Kvanndalsstølen til du kjem inn til brua. Du går forbi ein taubana undervegs. Stien er flat og fin, lett kupert i om lag 25 min, og då kjem du til krysset der brua over elva går. Du skal gå rett fram, og ikkje over brua. **Vegen rett fram går til Tellfloten, vidare til Longeskor og Håli som også er merka og skilta. På Tellfloten finn du registreringskassa til turlaget.**

Turtips; 1. Gå rett opp til Longeskor og vidare til Helgastøl og / eller Håli. Opp til Longeskor er det særst bratt og berre for erfarne turgåarar.

Turtips 2: Gå opp til Haugane etter Tellfloten, som og er med i årets stølstrim.

Turtips 3: Gå til Kvanndalsstølen om du vil og vidare over til Fossdal/Lussandstølen. Om du vil kan du gå heilt til fjells via Herdabreidstølen og registrera deg i kassen der før du eventuelt går vidare heilt opp merka løype til Kistenuten.

Turtips 4: Gå frå Kvanndalsstølen og over til Rong som er ei DNT merka løype, og løype nr. 17 i ruta som går mellom Bergen og Oslo.

GOD TUR!

Granvin Turlag!